



Thomas Ask
Ikenberget 28
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2412 - 19/35144

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
28.11.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/573 Alver

Vi viser til skriv av 30.10.2019 samt e-post korrespondanse i saken i høve søknad om ferdigattest.

Murkant mot kommunalt fortau er ikkje omsøkt. Administrasjonen legg til grunn at tiltaket har ein funksjon som ein mindre forstøtningsmur då det er opplyst at murkanten skal hindre jord og liknande frå å rase ned i kommunal grøft. Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg – gbnr 137/351. Vegavdelinga har sett krav om underskriven erklæring for dispensasjon for det samla tiltaket i høve søknad om ferdigattest. Administrasjonen kan sørge for at underskrevet erklæring vert videresendt vegavdelinga. Det vert gjeve 50% reduksjon i gebyr for dispensasjonssøknaden då det er mindre enn 3 år sida det er gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense for tiltak på eigedomen. Tiltaket er plassert nærare enn 1 meter frå nabogrensa og vert eit søknadspliktig tiltak, jf. SAK §§4-1 og 3-1 og pbl. §29-4.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden om ferdigattest og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg – gbnr 137/351 for murkant mot kommunalt fortau.
2. Underskriven erklæring frå vegavdelinga, sjå vedlegg.
3. Søknad om etablering av murkant mot kommunalt fortau. Søknaden skal vise avstand til regulert byggegrense og avstand til kommunalt fortau. Vedlagte situasjonskart kan nyttast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 13.12.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden eller saka vert arkivert utan vidare handsaming.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Erklæring dispensasjon frå tidlegare vilkår
Situasjonskart - gbnr 137_573

Kopi til:

Thomas Ask	Ikenberget 28	5911	ALVERSUND
------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Thomas Ask	Ikenberget 28	5911	ALVERSUND
------------	---------------	------	-----------